

## TIL JAKTFELT I INSTEDALEN

Her følgjer fordeling av løyve for jaktseongen 2010. Også i år vert dei som i bestandsplan av 2008. Fordeling mellom jaktfelt er i vedlegg, kolonne merka "3.år".

I fjor fekk vi 3 skrapdyr. Dette er til saman 10 skrapdyr på 2 år så det må seiast å vere bra. Vi skal ha nok igjen på kvota til skrapdyr også i år, så vi har same ordninga i år. Vi minner om vektgrensene for skrapdyr, dei er:

Hokalv 20 kg, hannkalv 21 kg, fjordbukk 44kg og fjordkulle 43kg, ferdig slakta.

### RESULTAT SÅ LANGT

Type dyr	Felte etter 2 år	Totale løyver 3 år
Eldre Hanndyr	14	30
Kolle	8	30
1 ½ års dyr	17+5	60
Kalv	11+5	30

+X er skrapdyr

Dette gjev eit bilde av utviklinga. Vi ser at vi har langt igjen til målet for 1 ½ år dyr og koller.

For i år har vi valgt å auke alle kvoter for ungdyr, kvoter for kolle og kalv er større i år enn tidlegare så desse vert uendra.

Som i fjor vil det verte anledning til å få tildelt ekstra dyr. Om eit jaktfelt fyller si kvote før sesongen er over, kan dei søkje styret om fleire dyr. Søknad om ekstra dyr sendast då skriftleg til Ståle Fimland eller Svein Svorstøl, underskrive av feltleiar. Her er det nok å skrive at ein ønskjer ekstra dyr, desse vert då tildelt etter kva styret ser som er best i høve til bestandsplan.

Elles rapporterast skutte dyr som i fjor, til Ståle Fimland tlf 90619708 eller Svein Svorstøl tlf 91522909. Prøv å rapportere så snart som mogleg etter felling, då dette er eit viktig mål for oss med omsyn til fordeling av ekstra løyve. Vi ønskjer ikkje å gå ut over løyve for nokon typar dyr.

Pass på at alle får utdelt sett hjort skjema i starten av jakta, då det skal fyllast ut for kvar dag ein går på jakt. Sett hjort skjema og slaktevektskjema skal sendast inn ved jaktslutt. Jaktleiar må sjå til at dette vert gjort.

Om ein ser merka dyr er det ønskelig at ein ringer kommunen v/Malones for å verifisere kor dyret er merka.

Jakttid i år er 10. september til 23. desember.

Til slutt vil vi ynskje alle ein fin haust i marka!

Helsing styret i Instedalen Jaktvald, august 2010